



Kulturdepartementet

Strategi

# Strategi for scenekunst

2021-2025







# Innhold

Forord .....	5	<b>Innsatsområde 3:</b>	
Strategi for scenekunst 2021–2025 .....	6	Vilkår for produksjon og formidling .....	29
Regjeringa sin politikk på scenekunstmrådet .....	9	Målet til regjeringa .....	29
Scenekunstmrådet i dag .....	10	Føreseielegheit og sosiale rettar .....	29
Innsatsområde i strategiperioden .....	15	Samarbeid og ressursutnytting .....	30
<b>Innsatsområde 1:</b>		Samarbeid internasjonalt .....	30
Skapar- og innhaldsmangfald .....	19	<b>Innsatsområde 4:</b>	
Målet til regjeringa .....	19	Omstilling og utvikling .....	33
Representativitet og mangfald .....	19	Målet til regjeringa .....	33
Mangfald av forteljarstemmer og uttrykk .....	19	Ny teknologi og digitale løysingar .....	33
Ytringsklima på scenekunstmrådet .....	23	Klimautfordringa .....	34
<b>Innsatsområde 2:</b>		Scenekunst etter covid-19 .....	35
Formidling og publikumsmangfald .....	25		
Målet til regjeringa .....	25		
Eit mangfaldig publikum .....	25		
Infrastruktur for profesjonell dans og scenekunst .....	26		



«STORY, STORY, DIE»  
FOTO: MATS BÄCKER

# Forord

Scena har alltid fascinert meg. Frå eg var liten har eg hatt både stor respekt og stor kjærleik for scenekunst. Der oppe, på den vesle eller store scena, oppstår det ei eiga verd. Det er ei større verd og ei annleis verd. Vi i publikum sit ofte berre nokre få meter unna, men det kjennest likevel som om vi får lov til å kike inn i eit heilt anna univers, der alt kan skje.

Dei siste 10–15 åra har scenekunstheltet i Noreg vakse enormt og opplevd ei endå større grad av profesjonalisering. Det er noko regjeringa ønskjer å støtte opp om. Med denne scenekunststrategien tek vi til orde for endå betre rammevilkår for utvikling, fornying, mangfald og vekst. Scenekunst har alltid vore – og er av natur – mangfaldig og kan underhalde og engasjere, eller provosere og utfordre. Scenekunsten rører ved noko i oss, og det er nettopp det som gjer at scenekunst har så stor verdi. Når vi ser vår eiga verd gjennom verda som oppstår på scena, så opnar det auga våre og gir oss eit anna perspektiv og ein større horisont. Vi blir utfordra, og gjennom det utviklar vi oss.

Denne scenekunststrategien vert lagt fram i ei tid då covid-19-pandemien har sett djupe spor i samfunnet. Sjølv om denne strategien har eit lengre perspektiv, er det naudsynt å sjå nærare på konsekvensane pandemien har hatt for scenekunstheltet. Difor er dette ein scenekunststrategi for stabilitet og føreseielegheit, men også fleksibilitet og fornying. Vi skal ha eit scenekunstmiljø der ein kan utvikle seg, fornye uttrykka sine og strekkje seg endå lenger i møte med publikum og i møte med kunsten. Men for å få til dette treng scenekunstaktørane føreseielege rammer. Scenekunstmogrepet rommar alt frå det storslåtte og høglydte, det kommersielle og valdsame – til det smale, det kviskrande, eksperimentelle eller intime. Det er musikkteater,

taleteater, dans, teiknspråketeater, opera, utandørsteater, innandørsteater, monologar og store ensemble. Dette er scenekunsten i Noreg, og den skal vi vere stolte av.

Det store mangfaldet av uttrykk er i seg sjølv ein grunn til å jobbe for fleksibilitet i rammeverket. Regjeringa ønskjer å nå dei mange måtane å organisere seg på, jobbe på, samarbeide på og uttrykkje seg på. Vi ønskjer å leggje til rette for produksjon og formidling over heile landet – nettopp for å sikre at nordmenn fra nord til sør og frå aust til vest framleis skal kunne la seg utfordre, røre og provosere. Kor du bor, skal ikkje ha noko å seie. Eg vil at scenekunsten skal vere innanfor rekkjevidde for alle og med alle, for fridom for den enkelte og for eit samfunn og ein kunstverd som skaper moglegheiter for alle som vil og kan. Eit mangfald av uttrykk gir oss eit mangfald av røyster, og er eit gode for både kunsten og samfunnet.

Tusen takk til alle som har bidrege i arbeidet med strategien. Eg vil òg takke for alle gode innspel og ønskjer alle ei god lesing.



**Abid Raja**  
KULTUR- OG LIKESTILLINGSMINISTER  
FOTO: ILJA C. HENDEL/KULTURDEPARTEMENTET

# Strategi for scenekunst 2021–2025

Bakgrunnen for denne strategien for scenekunst er Stortingets oppmodingsvedtak nr. 201 av 12. desember 2017 om å sørge for å sikre føreseielegheit for erfarne grupper som får støtte frå Norsk kulturfond, og varsel i Meld. St. 8 (2018–2019) *Kulturens kraft – Kulturpolitikk for framtida* om at regjeringa skal gjere ein strategisk gjennomgang av scenekunstfeltet.<sup>1</sup>

I arbeidet med strategien har departementet hatt ei referansegruppe som har gitt faglege synspunkt og perspektiv. Grappa har bestått av Melanie Fieldseth, Per Roar Thorsnes, Kristian Seltun, Tale Næss og Camara Lundestad Joof. Grappa blei utnemnd i januar 2019. Det har vore halde sju møte med referansegruppa.

Vi har hatt innspelsmøte med institusjonar og aktørar på Hamar, i Tromsø, i Trondheim, i Bergen og i Stavanger, og vi har hatt tre møte i Oslo. Vi har også hatt møte med ei rekkje aktørar i scenekunstfeltet, inkludert dei sentrale interesseorganisasjonane og Produsentforeningen for Privatteatre. Departementet har fått totalt 110 skriftlege innspel. Innspela er tilgjengelege på [www.regjeringa.no](http://www.regjeringa.no). Vi har også hatt møte med arbeidsutvalet for fylkeskultursjefane og med medlemmer i fagutvala for dans, scenekunst og teater i Norsk kulturråd.

I februar 2021 hadde departementet eit innspelsmøte med utvalde aktørar på scenekunstmrådet om utfordringar knytte til nedstenginga av kulturlivet under koronapandemien og om framtida for scenekunst. Innspel frå dette møtet er behandla i strategien.

---

<sup>1</sup> Meld. St. 8 (2018–2019) *Kulturens kraft – Kulturpolitikk for framtida*, s. 46.





«ECHO FLUX»

FOTO: TALE HENDNES







# Regjeringa sin politikk på scenekunstormrådet

Formålet med strategien er å peike ut regjeringa sine prioriteringar for den profesjonelle scenekunsten for perioden 2021–2025.

Målet er å sikre verkemiddel som gir gode rammer og vilkår for utvikling, produksjon og formidling av scenekunst, slik at heile befolkninga i Noreg kan ha eit tilbod av profesjonell dans og teater, opera og musikkteater.

Til grunn for prioriteringane til regjeringa ligg måla i Meld. St. 8 (2018–2019) *Kulturens kraft – Kulturpolitikk for framtida* (Kulturmeldinga).<sup>2</sup>

Kulturmeldinga legg vekt på at kunst og kultur er berebjelkar for demokratiet og fremjar toleranse i samfunnet gjennom å vere arenaer for ytringsfridom. Viss scenekunsten skal ta vare på og behalde posisjonen som demokratisk arena for frie ytringar, må han representere heile befolkninga.

Regjeringa har sett i gang *eit krafttak for mangfald*. Det overordna målet er å sikre at kunst- og kulturlivet, media, frivilligheita og idretten inkluderer og er tilgjengeleg for alle, uavhengig av for eksempel kjønn, alder, etnisitet, religion, seksuell orientering, funksjonsevne og/eller kulturell, sosial og økonomisk bakgrunn og bustad.

Arbeidet med å auke mangfaldet er ei hovudprioritering på tvers av politikkområda til Kulturdepartementet. Med krafttaket ønskjer departementet at heile sektoren bidreg til eit langsiktig og systematisk arbeid for å nå eit større mangfald av brukarar og deltakarar, av utøvarar og av uttrykk og tilbod.

<sup>2</sup> Jf. faktaboks s. 10.

Offentleg støtte skal sikre eit breitt og mangfaldig tilbod av scenekunst og opne for eit mangfald av produsentar og tilbydarar. Mangfald inneber at befolkninga har tilgang på både høgkultur og lågkultur, breie og smale scenekunstuttrykk. Mangfald i scenekunsttilbodet gir rom for forskjellar slik at alle får moglegheit til å oppleve kunst som gir attkjenning og fellesskap og ei oppleving av at kunsten er relevant.

Når kulturlivet opnar for fellesskap og samhald for alle og hindrar utanforskap, styrkjer vi kunst og kultur som ein inkluderande samfunnsarena for demokrati, ytringsfridom og danning. Samtidig er det viktig å støtte opp under scenekunst som utfordrar og er nyskapande og eksperimentell, fordi dette stimulerer oss til å utvikle oss som menneske og samfunn. Eit mangfald av aktørar og forteljarstemmer vil gi nye førebilete og skape nye og varierte historier som speglar det kulturelle mangfaldet i Noreg.

Prinsippet om armlengds avstand er eit grunnleggjande prinsipp i forvaltninga av offentlege tilskot til norsk kultur. Den pågåande revisjonen av kulturlova legg opp til å lovfeste dette prinsippet. Prinsippet inneber at offentleg finansierte scenekunstinstitusjonar er autonome kunstprodusentar og ikkje kan overstyrast politisk når det gjeld programmering og kunstnarisk profil. Det er institusjonane sjølve som til kvar tid må vere klare over kva historier som blir fortalde, kven som får fortelje historiene, og kven som vel historiene som blir fortalde.

Globalisering, digitalisering og demografiske endringar er trendar som også påverkar og



utfordrar scenekunsten. Regjeringa sin politikk om å stimulere til utvikling, omstilling og innovasjon i alle sektorar i samfunnet omfattar også scenekunstmrådet. Gjennom endring blir scenekunsten i stand til å møte utfordringar og endra føresetnader i dag og framover.

**Nasjonale kulturpolitiske mål**, jf. Meld. St. 8 (2018–2019) *Kulturens kraft – Kulturpolitikk for framtida*:

#### *Samfunns mål*

Eit levande demokrati der alle er frie til å ytre seg, og der mangfald, skaparkraft og kreativitet er høgt verdsett. Eit inkluderande samfunn der kunst og kultur av ypparste kvalitet inspirerer, samlar og lærer oss om oss sjølve og omverda.

#### *Overordna kulturpolitiske mål*

Eit fritt og uavhengig kulturliv som

- skaper kunst- og kulturuttrykk av ypparste kvalitet
- fremjar danning og kritisk refleksjon
- tek vare på og formidlar kulturarv
- skaper og formidlar eit kulturtilbod som blir opplevd som relevant, og som representerer befolkninga
- er tilgjengeleg for alle og oppmuntrar den enkelte til å oppleve og delta i kulturaktivitetar
- tilbyr møteplassar og byggjer fellesskap
- fornyar seg og viser evne til omstilling
- har internasjonal gjennomslagskraft og fremjar interkulturell forståing
- styrkjer norsk språk, dei samiske språka, dei nasjonale minoritetsspråka og norsk teiknspråk som grunnleggjande kulturberarar

**I Granavolden-plattformen** heiter det at regjeringa vil

- leggje til rette for føreseielege rammevilkår for kunst- og kulturinstitusjonar, blant anna ved å vurdere modellar for meir føreseielege tilskotsordningar
- leggje til rette for det frie feltet innanfor kunst og kultur, og bidra til føreseielegheit for grupper og frilansarar på ulike kunstfelt
- forenkla regelverket og redusere søknadsbyråkratiet i kultursektoren
- arbeide for at offentleg støtte til kultur i større grad skal gå til framvising, ikkje berre produksjon
- vidareføre arbeidet med digital formidling av kunst og kultur
- leggje til rette for å auke eksporten av norsk kunst og kultur gjennom gode insentivordningar og større samling av kompetansen i klyngjemiljø i alle delar av landet
- bidra til å utvikle kvalitet og mangfald i kulturlivet og leggje vekt på næringspotensialet til kulturen

KJELDE: WWW.REGJERINGA.NO

## **Scenekunstmrådet i dag**

Scenekunsten i Noreg er prega av eit rikt uttrykksmangfald og er organisatorisk og økonomisk svært samansett. Teoretisk kan feltet delast inn i tre delar: institusjonar med offentleg driftstilskot, prosjektfinansiert scenekunst<sup>3</sup> og private aktørar.

Utviklinga innanfor scenekunst dei 10–15 siste åra har resultert i stor aktivitet, mange nye aktørar og eit variert tilbod av profesjonell dans og teater, opera og musikkteater til befolkninga i Noreg. Utviklinga har også ført til nye utfordringar og behov for nye typar arenaer og strukturar for produksjon, formidling og samarbeid.

<sup>3</sup> Frittstående scenekunstkompani og kunstnarar er i strategien omtalte som anten å tilhøyre «fri scenekunst» eller som «prosjektfinansiert scenekunst». Omgrepet «prosjektfinansiert scenekunst» blei introdusert i NOU 2002: 8 *Etter alle kunstens regler – en utredning om norsk scenekunst* og understrekar tydelegare dynamikken mellom to forvaltningsstrukturar på scenekunstmrådet: scenekunstinstitusjonane og prosjektfinansiert scenekunst.



Med ein auke i offentlege og private utdanningstilbod innanfor ulike scenekunsthøgskolar og auka offentlege rammer har talet på aktørar innanfor scenekunst auka i omfang, profesjonalitet og kvalitet. I 1998 blei det frå Kunsthøgskolen i Oslo uteksaminert 20 kandidatar innanfor scenekunst.<sup>4</sup> I 2020 var talet 65.<sup>5</sup> I tillegg kjem utøvarar som er utdanna ved andre sceneutdanningar i Noreg og ved utdanningsinstitusjonar i utlandet. Det har utvikla seg ein arbeidsmarknad med stor tilgang på frilanskunstnarar, men ikkje like stor etterspurnad etter arbeidskraft.

Offentleg finansierte institusjonar<sup>6</sup> utgjør ein viktig og grunnleggjande nasjonal infrastruktur for utvikling, produksjon og formidling av scenekunst i Noreg. Institusjonane krev store kunstnariske personellressursar og er sentrale arbeids- og oppdragsgivarar, gjennom både faste stillingar og frilansoppdrag. Institusjonar over heile landet engasjerer frilansarar i større grad og samarbeider med kompani/grupper og enkeltkunstnarar i det frie scenekunsthøgskolefeltet – gjennom anten co-produksjonar, oppdrag eller innkjøp av framсыningar. Fleire institusjonar leiger også ut produksjons- og visingslokale når dei ikkje er i bruk.

Den statlege verksemda Riksteatret og seks heilt eller delvis statseigde institusjonar<sup>7</sup> for teater, dans og opera i Oslo, Bergen, Stavanger og Trondheim får dei største overføringane/tilskota over statsbudsjettet.

Vidare blir tolv teaterinstitusjonar finansierte i eit spleiselag mellom stat, fylkeskommunar og kommunar og sørgjer for eit tilbod av scenekunst i regionane. Fleire institusjonar samarbeider med aktørar i det frie scenekunsthøgskolefeltet og/eller har omfattande turnéverksemd i sine regionar.

Fem regionoperaer og seks distriktsoperaer er finansierte i eit spleiselag mellom stat, fylkeskommunar og kommunar og sørgjer for eit tilbod av opera og musikkteater i Noreg. Regionoperaene er tilknytte symfoniorkester i Trondheim, Bergen, Kristiansand, Bodø og Tromsø<sup>8</sup>. Til forskjell frå andre institusjonar på scenekunsthøgskoleområdet nyttar fleire institusjonar for opera og musikkteater frivillige og amatørar i produksjonane sine.

To samiske teaterinstitusjonar, Beaviváš Sámi Našunálateáhter i Kautokeino i Finnmark og Áarjelhsaemien Teatere (Sydsamisk Teater) i Mo i Rana i Nordland, formidlar scenekunst på samisk. Beaviváš er eit turnéteater, med heile Sápmi<sup>9</sup>, Noreg og utlandet som verkeområde. Áarjelhsaemien Teatere er eit teater for heile det sørsamiske området i Noreg, og har eit tett samarbeid med sørsamisk teater på svensk side. Sametinget finansierer teaterane gjennom årlege rammetilskot frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Teater Manu, det einaste teiknspråklege teateret i Noreg, er finansiert over statsbudsjettet. Teateret har utspring i kulturen og språket til døve. Like fullt – alt teateret produserer, er òg tilgjengeleg for høyrande sidan det blir nytta stemmeskodespelarar på alle produksjonar.

Gjennom tilbod på både eigne og eksterne scener når institusjonane eit forholdsvis stort publikum i store delar av landet og byggjer relasjonar til nye publikumsgrupper. Anslagsvise tal viser at talet på publikumsbesøk ved institusjonar som er medlemmer i Norsk teater- og orkesterforening (NTO), har hatt ein auke på 72 prosent mellom 2000 og 2019.<sup>10</sup>

4 10 innanfor dans og 10 innanfor teater: <https://www.nsd.no>.

5 40 innanfor dans, 10 innanfor teater og 15 innanfor opera: <https://www.nsd.no/>.

6 Verksemdar for teater og dans, opera og musikkteater, programmerande scener og regionale kompetansesenter for scenekunst.

7 Nationaltheatret, Den Norske Opera & Ballett, Den Nationale Scene, Rogaland Teater, Trøndelag Teater og dansekompaniet Carte Blanche.

8 Arktisk Filharmonik har kontor i både Bodø og Tromsø.

9 Sápmi (nordsamisk) er den tradisjonelle nemninga på det historiske busetnadsområdet til samane. Sápmi omfattar dei nordlege delane av Fennoskandia og strekkjer seg over fire land: Noreg, Sverige, Finland og Russland.

10 Kjelde: Norsk kulturråd. Merk at NTO i same tidsrom har hatt ein auke i talet på medlemmer, og det påverkar veksten i talet på publikumsbesøk. Tel vi med dei 26 som rapporterte i 1999 og 2019, får vi ein vekst på 47 prosent. Kulturrådet tek atterhald om at tala er omtrentlege, og at det enkelte år kan vere feil på opptil 5 prosent.



Fire programmerande scener<sup>11</sup> for scenekunst er finansierte i eit spleiselag mellom stat, fylkeskommunar og kommunar. Dei programmerande scenene er først og fremst ein visningsarena for fri scenekunst og dans og co-produsentar av framsyningar. Scenene har ein teatersjef, men ingen tilsette skodespelarar. Scenene utgjer ein viktig del av den nasjonale infrastrukturen på scenekunstmrådet, særleg overfor kompani/grupper og enkeltkunstnarar som produserer utanfor institusjonane, ofte med tilskot frå Norsk kulturfond og andre søkbare offentlege ordningar. Som del av det offentlege tilskotet til Dansens Hus får turnénettverket Dansenett Norge<sup>12</sup> 6 millionar kroner i 2021. Verksemda samarbeider med kunstnarar og kulturarrangørar og bidreg til å byggje eit publikum på stader som tidlegare ikkje hadde eit tilbod av profesjonell dans. Talet på publikummararar som oppsøker programmerande scener, har hatt ein auke på 40 prosent i perioden 2000–2019.<sup>13</sup>

11 regionale kompetansesenter<sup>14</sup> for dans og scenekunst får frå 2021 tilskot over statsbudsjettet. Sentera tek vare på profesjonelle miljø for dans i regionane og er heilt sentrale i arbeidet med å styrkje infrastrukturen for produksjon og formidling av profesjonell dans og scenekunst i Noreg. Både programmerande scener og regionale kompetansesenter for dans og scenekunst formidlar og co-produserer dans og scenekunst i samarbeid med aktørar både nasjonalt og internasjonalt. Det er ei betydeleg uvisse omkring kor mange scenekunstgrupper som eksisterer i dag.<sup>15</sup>

11 Black Box Teater og Dansens Hus i Oslo, Rosendal Teater i Trondheim og BIT Teatergarasjen i Bergen.

12 Dansenett Norge blei oppretta i 2016 og er eit samarbeid mellom Dansens Hus, Bærum Kulturhus, Dansearena nord i Hammarfest, DansiT – Dans i Trøndelag og RAS – Regional Arena for Samtidsdans i Sandnes.

13 Norsk kulturråd / NTO.

14 Bergen Dansesenter, Bærum Kulturhus – Dans Sørøst-Norge, Dans i Trøndelag, Dansearena nord, Dansekunst i Grenland, Dansekunst i Østfold, DansiT – Dansekunst i Trondheim og Midt-Norge, Fjellandsen, R.E.D. (Residency Eina Danz), RAS – Regional Arena for Samtidsdans og Scenekunst Sør.

15 SSBs kulturstatistikk for 2016 oppgir at det er 137 teatergrupper og 43 dansegrupper i Noreg i 2016. I rapporten *Scenens kunst* frå 2019 påpeiker Telemarksforskning at dette talet truleg er for høgt. Danseinformasjonen oppgir i *Dansekunståret 2019 – oppsummert* at det blei registrert 238 aktive kompani/koreografar i Noreg i 2019. Då er teatergrupper haldne utanfor.

Fleire enkeltkunstnarar og kompani etablerer små verksemdar med heilårsdrift. Desse verksemdene har få tilsette og engasjerer ofte kunstnarar på prosjektbasis. I organisering og formål plasserer verksemdene seg på eit nivå mellom prosjekt og institusjon og har dermed behov for større økonomisk føreseielegheit enn det prosjektfinansiering gir.

Høg tilvekst av nye scenekunstnarar gir større konkurranse om offentlege prosjektmidlar til scenekunst. Talet på søknader til Norsk kulturfond om tilskot til scenekunstprosjekt har auka med 165 prosent mellom 1998 og 2019, mens talet på tildelingar i same periode har auka med 30 prosent. I 2020 kom det inn 1 215 søknader til Norsk kulturfond om tilskot til scenekunstprosjekt. 30 prosent av desse fekk støtte.<sup>16</sup> Talet på søknader til ordningane i Kulturrådet dei siste åra ligg forholdsvis stabilt når det gjeld teater, men har hatt sterk vekst når det gjeld dans.<sup>17</sup>

**Programmerande scener** bidreg til at aktørar som står utanfor institusjonane, og som får prosjekttilskot frå ordningar i Kulturrådet, kan nå eit publikum. Desse arenaene tilbyr ofte scenekunst som trekkjer eit anna publikum enn institusjonsteatera.

Det finst programmerande scener i dei største byane og tettstadene i Noreg. Dansens Hus og Black Box Teater i Oslo, BIT Teatergarasjen i Bergen, Rosendal Teater i Trondheim og Figurteatret i Nordland med base i Stamsund i Lofoten får støtte over statsbudsjettet.

I tillegg finst ei rekkje andre, mindre arenaer over heile landet som også har programmerande verksemd, og som får offentlig støtte anten via statsbudsjettet eller Norsk kulturfond.

KJELDE: NORSK KULTURRÅD OG KULTURDEPARTEMENTET

16 [www.kulturradet.no](http://www.kulturradet.no)

17 Ibid.







### Regionale kompetansesenter for dans

arbeider med å utvikle infrastruktur innanfor det profesjonelle dansefeltet i Noreg. Sentera driv kompetanse- og utviklingsarbeid og bidreg til kompetanseutvikling i profesjonelle dansemiljø og styrking av produksjons- og formidlingsvilkåra for dansekunst. Ordninga gjennom Kulturrådet med regionale kompetansesenter for dans bidrog fram til 2021 – i kombinasjon med regional støtte – til å få etablert og utvikla regionale kompetansesenter for dans og dansemiljø av ein viss storleik rundt om i Noreg.

Sidan 2010 er det etablert elleve kompetansesenter for dans spreidde over heile landet, frå Troms og Finnmark i nord til Agder i sør. Dei ulike sentera har lokalt og regionalt utspring og varierer i organisasjonsmodell og kunstnarisk profil. Fleire senter formidlar framsyningar til befolkninga i regionen. Enkelte senter tilbyr også residensordningar for scenekunstnarar og fasilitetar for produksjon av andre sceniske uttrykk enn dans.

KJELDE: NORSK KULTURRÅD

Det finst i overkant av 20 teaterprodusentar i den private marknaden, og dei produserer på om lag 10–11 faste, private scener i Noreg i dag. I tillegg kjem ei rekkje meir eller mindre sesongprega private prosjekt og aktørar.<sup>18</sup> Geografisk finn vi dei private teateraktørane hovudsakleg på Austlandet og Vestlandet i eller nær byane.<sup>19</sup> Aktørane er kjenneteikna ved at dei produserer og formidlar scenekunst utan offentlege tilskot.

Under krisa som oppstod under covid-19, nytta også desse aktørane seg av offentlege støtteordningar. Aktørane tilbyr framsyningar frå eige teaterhus, kulturarenaer og ute på turné. Tilbodet representerer eit viktig supplement til tilbodet av den offentleg finansierte scenekunsten. Den private teatermarknaden bidreg til breidde i scenekunsttilbodet og er for mange scenekunstnarar ein viktig arbeidsplass.

Produsentforeningen for Privatteatre anslår at det årleg er om lag ein million publikummarar på denne typen framsyningar sjølv om tilbodet varierer frå år til anna. Det er uvisst korleis dette biletet vil sjå ut på den andre sida av koronapandemien, sidan vi har lite data om korleis desse aktørane har klart seg.

### Aktørane

Det totale talet på aktive kunstnarar – utøvande og skapande – innanfor scenekunst er vanskeleg å anslå nøyaktig, sidan organisasjonsgraden varierer mykje. Ifølgje rapporten *Scenens kunst. Gjennomgang av scenekunstmrådet* frå Telemarksforsking viste medlemstala for dei ulike kunstnarorganisasjonane i 2019 1 400 skodespelarar, 870 dansarar og koreografar, 140 scenografar, over 300 dramatikarar og om lag 200 sceneinstruktørar.<sup>20</sup> I tillegg – og ikkje minst – kjem lys- og lyddesignarar, kostymedesignarar, sufflørar, produsentar, scenearbeidarar og andre teknisk og administrativt tilsette.

18 Dette gjeld til dømes revyar eller andre oppsetjingar på faste scener (kulturhus, telt, utandørsscener, utestader m.v.) om sommaren, som for eksempel i Hønefoss, Grimstad, Stavern eller Trondheim. Nokon er årsvise, andre er meir sporadiske.

19 Kjelde: interesseorganisasjonen Produsentforeningen for Privatteatre.

20 Ole Marius Hylland og Bård Kleppe (2019). *Scenens kunst. Gjennomgang av scenekunstmrådet*. Telemarksforsking.

**Dáiddadállu** er eit samisk kunstnarkollektiv som blei etablert i 2014 i Guovdageaidnu/Kautokeino, Sápmi. I dag har kollektivet 21 kunstnarar og eit breitt kompetansemiljø. Kunstnarane på Dáiddadállu har spisskompetanse på kvart sitt felt og representerer fag som visuell samtidskunst, foto, film, tv-produksjon, grafisk design, forfattarskap, musikk, koreografi, interiørdesign, skodespel, joik og musikk. Alle Dáiddadállu-medlemmene har tilknytning til Guovdageaidnu/Kautokeino, men reiser og jobbar med prosjekt i heile verda.

Kollektivet gir kunstnarar høve til å jobbe i og med eit kunstnarisk miljø. Det blir arrangert årlege arrangement for publikum og medlemmer. Blant anna blei det i 2015 arrangert ei utstilling med lokale ungdommar som interesserer seg for måleri, teikning og foto, i 2016 presenterte kollektivet ein gjesteutstillar frå Guatemala, og i 2019 arrangerte kollektivet «Sápmiitoo» saman med Sametinget og OCA – Office for Contemporary Art Norway. «Sápmiitoo»-utstillinga hadde re-opning under påskeprogrammet i 2019, der dåverande kulturminister Trine Skei Grande var til stades.

KJELDE: WWW.DAIDDADALLU.COM

Scenekunstnarar har i dag avgrensa tilgang på faste stillingar eller langvarig arbeid ved ein institusjon. Det er langt meir utbreidd med frilanstilvære og kortvarige oppdrag ved institusjonane og i Den kulturelle skolesekken (DKS) og dessutan eigeninitierte prosjekt i eige enkeltpersonføretak. Mange opplever også periodar utan inntektsgivande kunstnarisk arbeid. Skodespelarar og dansarar som er tilsette i Skuespiller- og danseralliansen (SKUDA), er sikra inntekt og rettar mellom oppdrag. Per 15. juni 2021 er 106 kunstnarar tilsette i SKUDA.<sup>21</sup>

SKUDA sikrar sosiale rettar for utøvande dansarar og skodespelarar mellom oppdrag ved institusjonar og/eller arbeid innanfor prosjektfinansiert scenekunst. SKUDA tilbyr føreseielegheit, tryggleik og samhør for scenekunstnarane som er tilsette i ordninga. Covid-19 har understreka behovet for tiltaket.

### **Scenekunsten og covid-19**

Covid-19 trefte kunstfeltet hardt og brutalt i mars 2020. I over eit år har kunst og kultur vore ein av sektorane som har blitt hardest ramma av tiltak mot pandemien. Mange av scenekunstinstitusjonane stengde dørene heilt eller delvis fleire gonger gjennom pandemien på grunn av store avgrensingar i talet på publikummarar per framsyning. Tilsette ved ein del av institusjonane blei permitterte, og frilanskunstnarar opplevde og opplever framleis oppdragstørke. Strenge smitteverntiltak som følgje av covid-19 i 2020 og 2021 set framleis store avgrensingar for aktiviteten på scenekunstmrådet.

Scenekunsten responderte på nedstenginga under pandemien med nye samarbeid, formidlingsformat og innfallsvinklar for å halde kontakten med publikum. Nytenkinga og utviklinga som var i gang på scenekunstmrådet før pandemien, fekk dermed eit nytt insitament under covid-19.

Heile 85 prosent av scenekunstorganisasjonane og -bedriftene har opplevd inntektstap som følgje av dei strenge tiltaka under pandemien. Sjølv om dei fleste opplevde ein betydeleg nedgang i inntekter, var inntektstapet naturleg nok størst hos aktørar utan offentleg støtte.<sup>22</sup>

Kartleggingar viser at anslagsvis 32 prosent av inntektene i kultursektoren hadde falle bort per november 2020<sup>23</sup>, medan reiselivsnæringa har mista 30 prosent av inntektene (NHO Reiseliv, 2020). Til samanlikning var forventninga for norsk økonomi eit inntektsfall på 4 og 7 prosent. Det er framleis knytt stor uvisse til nedgangen i økonomien på scenekunstmrådet. Endelege tal får vi først når den økonomiske nedgangen som følgje av covid-19 snur.

### **Innsatsområde i strategiperioden**

Oppslutninga i befolkninga om tilbodet av scenekunst er legitimitetsbyggjande og dannar grunnlaget for offentleg støtte til scenekunst. I

<sup>22</sup> Menon-publikasjon nr. 131/2020.

<sup>23</sup> Ibid.

<sup>21</sup> <https://skuda.no/>



tråd med Kulturmeldinga er det eit mål at heile befolkninga i Noreg opplever tilbodet av kunst og kultur som relevant og representativt.

Det er ønskjeleg at historiene som blir fortalde på ulike arenaer for profesjonell scenekunst, speglar det breie mangfaldet i befolkninga. Regjeringa ønskjer at det blir skapt eit større mangfald på scenekunstmrådet – både blant publikum og blant aktørane. Det inneber at det blir opna for og er tilbod om eit breitt mangfald av sceniske uttrykk, kunstnarisk så vel som kulturelt.

Mangfald og brei representativitet handlar òg om at alle som arbeider med å tilby scenekunst, er trygge på at det er like moglegheiter og rettar uavhengig av kjønn, alder, etnisitet, religion, seksuell orientering, funksjonsevne og/eller kulturell, sosial og økonomisk bakgrunn og bustad.

Kunstnarar, og særleg scenekunstnarar, opplever i aukande grad forsøk på å innskrenke rommet for frie ytringar. Fleire kunstnarar enn tidlegare oppgir at dei har opplevd truslar og hatefulle meldingar i samband med kunstnariske ytringar, og dei meiner at konfliktnivået i offentlegheita verkar innskrenkande på ytringsfridommen.<sup>24</sup> Dette kjem i stor grad av endringar i offentlegheita og korleis sosiale medium fungerer. Dette rokkar ved målet om at scenekunsten og andre kunstnariske uttrykk skal ha ein posisjon som ein demokratisk arena for frie ytringar, og det kan på lengre sikt gjere mangfaldet av stemmer på norske scener mindre.

På linje med andre yrkesaktive i Noreg bidreg kunstnarane til verdiskapinga i samfunnet. Regjeringa meiner at mangfaldet av kunstnarar utgjer ein verdi i Kultur-Noreg, og at kunstnarar innanfor scenekunst skal ha like moglegheiter og vilkår på arbeidsmarknaden og tilgang til sosiale rettar. Det gjeld uavhengig av om dei er tilknytte ein fast arbeidsstad eller tek oppdrag som frilansarar, og om dei er utdanna i Noreg eller i utlandet.

Dei offentleg finansierte institusjonane for scenekunst når eit forholdsvis stort publikum i store delar av Noreg. Den prosjektfinansierte

scenekunsten blir vist forholdsvis få gonger og for eit avgrensa tal publikummarar, utan at det kjem av den kunstnariske kvaliteten på produksjonane. Unntaket er framsyningane som blir distribuerte gjennom Den kulturelle skolesekken (DKS) og Scenekunstbruket. Desse modellane for distribuering fungerer forholdsvis godt, og mange produksjonar blir viste eit relativt høgt tal gonger.

Det er mogleg å realisere publikumspotensialet for all prosjektfinansierte scenekunst i større grad. Regjeringa meiner at infrastrukturen for utvikling, produksjon og formidling av prosjektfinansierte scenekunst bør vidareutviklast. Det gjeld særleg innanfor dans, som i stor grad har vakse fram ved hjelp av ordningar i Norsk kulturfond og har få eigne offentleg finansierte institusjonar.

Institusjonane har eigne lokale og teknisk utstyr, ofte i eigne bygg. Aktørar innanfor den prosjektfinansierte scenekunsten leiger lokale og samarbeider med institusjonar (i all hovudsak programmerande scener), visingsarenaer og arrangørar om å produsere og formidle framsyningar. Slik skal det òg vere. Regjeringa meiner likevel at tilgjengelege ressursar på scenekunstmrådet kan utnyttast betre, blant anna gjennom samarbeid.

Scenekunsten har blitt meir internasjonal dei siste tiåra. Internasjonal verksemd omfattar utveksling av kompetanse og framsyningar, samproduksjon og andre typar samarbeid.

Den prosjektfinansierte scenekunsten i Noreg er langt meir internasjonal enn tilsvarande i andre land. Gode offentlege tilskotsordningar og nettverksarbeid internt i det frie scenekunstfeltet har vore ein viktig føresetnad for den internasjonale posisjonen i dag.

Norsk kulturråd, Kulturdepartementet, Utanriksdepartementet og Danse- og teatersentrum er sentrale i å bidra med å leggje til rette for eit breitt internasjonalt samarbeid innanfor scenekunst.

Den digitale utviklinga påverkar kulturbruksvanane til befolkninga. Digitale flater bestemmer i stor

<sup>24</sup> Tore Slaatta og Hanne M. Okstad (2020). *Kunstnere vurderer ytringsfrihet*. Fritt Ord.

grad korleis informasjon om kunst- og kulturtilbod blir kommunisert og når ut til befolkninga. Som del av opplevingsøkonomien konkurrerer scenekunsten om merkemda til publikum med kulturtilbod som er lett tilgjengelege via digitale plattformer.

Nedgangen i aktiviteten i 2020 og inn i 2021 som følge av covid-19 påverkar høgst sannsynleg scenekunstsektoren ei tid framover. Både kunstfeltet sjølv og verkemiddelapparatet må derfor vere rusta til å møte endringane og dei nye utfordringane som kjem. Bortfallet av fysiske visings- og framføringsstader under pandemien har drive institusjonane over på digitale flater og påskunda utforskinga av digitale metodar for å komme i kontakt med publikum. Det vitnar om ein vilje og ei evne til omstilling som vi kan byggje vidare på.

Den store utfordringa framover ligg i om publikum kjem tilbake og nyttar seg av scenekunsttilboda både i og utanfor institusjonane. For det er unekteleg det som er kjernen i scenekunsten – å gi publikum opplevingar i det direkte og fysiske møtet med dans, teater og opera. Dei offentleg finansierte institusjonane vil vere sentrale når den publikumsretta aktiviteten på scenekunstmrådet skal takast opp att.

Parisavtalen om globale kutt i utslepp av klimagassar har gitt verda ei retning mot eit grønarare samfunn. Grøn omstilling inneber vilje til omstilling og inneheld moglegheiter for positiv utvikling. Det er høgt medvit om og etterspurnad etter berekraftige og grøne tiltak i kunst- og kultursektoren, og sektoren samlar seg om

retningslinjer og verktøy for ein overgang til grøn produksjon, drift og andre grøne løysingar<sup>25</sup>. Vi har lite kunnskap om klimaavtrykket innanfor kultursektoren samanlikna med andre sektorar i Noreg. Det trengst auka innsikt og kompetanse for å utvikle konstruktive og effektive tiltak for grøn omstilling på dette området.

### **Innsatsområde**

Basert på utviklingstrekk og utfordringane som er skisserte over, er dette innsatsområda til regjeringa på scenekunstmrådet i perioden 2021–2025:

- skapar- og innhaldsmangfald, jf. innsatsområde 1 i strategien
- formidling og publikumsmangfald, jf. innsatsområde 2 i strategien
- vilkår for produksjon og formidling, jf. innsatsområde 3 i strategien
- omstilling og utvikling, jf. innsatsområde 4 i strategien

Tiltaka under kvart innsatsområde skal verke inn på og bidra til utvikling på heile scenekunstmrådet.

Det økonomiske handlingsrommet dei neste åra vil, slik det er beskrive i finanspolitikken, vere mindre enn vi har blitt vande til.<sup>26</sup> Det tvingar fram ei aktiv og systematisk haldning til korleis vi utnyttar dei offentlege ressursane, og vi må tenkje nytt når vi skal produsere og formidle eit tilbod av scenekunst til befolkninga i Noreg. Tiltaka i strategien skal gjennomførast innanfor den gjeldande budsjettamma til Kulturdepartementet.

<sup>25</sup> <https://grøntveikart.no>.

<sup>26</sup> Meld. St. 14 (2020–2021) Perspektivmeldingen 2021.





«BOUNCING NARRATIVES»

FOTO: JOSH LAKE



# INNSATSOMRÅDE 1:

## Skapar- og innhaldsmangfald

### Målet til regjeringa

Regjeringa vil ha eit kulturliv med eit mangfald av aktørar som skaper og tilbyr varierte opplevingar til flest mogleg.

### Representativitet og mangfald

Det er ei demokratisk utfordring at den offentleg finansierte scenekunsten ikkje speglar heile befolkninga. For eksempel er personar med bakgrunn frå land utanfor Europa, USA og Australia underrepresenterte som arbeidstakarar i kulturlivet.<sup>27</sup>

Kunstnarar, teatersjefar og andre leiarar med eit mangfald av sosiale, kulturelle og kunstnariske bakgrunnar og orienteringar vil styrkje relevansen og representativiteten til scenekunsten – sjølv om ikkje alt alltid skal vere relevant for eller representere alle. Samansetjing av råd, utval og komitear spelar ei viktig rolle, blant anna for å bringe inn ny kunnskap og bidra til å utvide perspektiva på kva mangfald og kvalitet innanfor scenekunst kan bety og innebere.

Regjeringa har som mål å skape eit kunst- og kulturtilbod som rører ved tema som barn og unge er opptekne av, som tek barn og unge på alvor, og som er tilgjengeleg for alle uavhengig av bustad, økonomi, funksjonsevne og bakgrunn. Å leggje til rette for at stemmene til barn og unge blir høyrde, er viktig for å oppnå dette.<sup>28</sup>

Kulturdepartementet stiller i tilskotsbreva for 2021 krav til scenekunstinstitusjonar om å bidra til å auke mangfaldet i kulturlivet<sup>29</sup>, blant anna gjennom å utvikle eigne strategiar for auka relevans og representativitet. Gjennom

<sup>27</sup> Kulturanalys Norden, 2017.

<sup>28</sup> Meld. St. 18 (2020–2021) *Oppleve, skape, dele. Kunst og kultur for, med og av barn.*

<sup>29</sup> Mangfald omfattar både sosial og kulturell bakgrunn, og diskrimineringsgrunnlag som for eksempel kjønn, funksjonsnedsetjing, seksuell orientering og alder.

eit breiare samarbeid med aktørar innanfor den prosjektfinansierte scenekunsten kan institusjonane dra vekslar på mangfaldet innanfor fri scenekunst. Det aukar mangfaldet, relevansen og representativiteten på scenekunstmrådet ytterlegare.

Frå og med 2020 har Norsk kulturråd fått i oppdrag å vere ein nasjonal koordinator i arbeidet med mangfald, inkludering og deltaking i kultursektoren. Ein viktig del av arbeidet blir å auke mangfaldet i styre, leiing og stab i kultursektoren, og å sleppe mangfaldet til der makta ligg, og der avgjerdene blir tekne. Men representasjon er òg relevant i alle andre roller, som både på og bak scena. Gjennom aspirantordninga til Kulturrådet har minoritetar, personar med nedsett funksjonsevne og utøvarar innanfor meir marginaliserte yrkesgrupper innanfor scenekunst høve til opphald ved profesjonelle kunstinstitusjonar og verksemder.

#### TILTAK

- Vidareføre krav i tilskotsbrevet til scenekunstinstitusjonar om å utvikle eigne strategiar for auka relevans og representativitet.
- Vidareføre målet om å auke mangfaldet i styre- og leiingsverv
- Styrkje ordningar under Norsk kulturråd som bidreg til å auke mangfald og inkludering på scenekunstmrådet.
- Leggje til rette for at det blir utvikla god statistikk på området likestilling og mangfald.
- Styrkje satsingar på scenekunst for barn og unge.

### Mangfald av forteljarstemmer og uttrykk

Innsatsen til scenekunstinstitusjonane er avgjerande for at nye forteljarstemmer kjem til på scenekunstmrådet. Om fleire aktørar som skriv for scena, får høve til å samarbeide med institusjonar, kan det bidra til å synleggjere



mangfaldet av historier som finst i det norske samfunnet. Det er først når tekstane blir oppførte (og gjenoppførte) på ei scene, at dramatikarar, forfattarar, koreografar, librettistar og andre tekstprodusentar – forteljarstemmene – har moglegheit å vidareutvikle talentet sitt.

Teaterscena er ein sentral arena for å fremje og styrkje norsk språk, både bokmål og nynorsk, dei samiske språka, dei nasjonale minoritetsspråka og norsk teiknspråk som grunnleggjande kulturberarar.<sup>30</sup>

Aktiviteten ved Dramatikkens hus har sidan etableringa i 2009 bidrege til å utvikle solide strukturar for langsiktig utvikling av tekstar for scena.<sup>31</sup> Enkelte teaterinstitusjonar har periodevis oppretta stillingar som husdramatikarar, og nokre institusjonar innanfor dans har oppretta stillingar som huskoreografar. Dette synest å vere ein svært god måte å fremje nye stemmer innanfor teater og dans på. For at institusjonar i større grad enn i dag skal oppføre og gjenoppføre ny norsk dramatik, libretto og annan scenetekst, vil departementet etablere ei ordning som kan bidra til at fleire forfattarar og dramatikarar med ulik kultur- og erfaringsbakgrunn kan samarbeide med institusjonane om å oppføre og gjenoppføre nye tekstar for scena.

For å sikre eit mangfald av forteljarstemmer innanfor scenekunst er det vesentleg at unge menneske med unike kunstnariske evner blir oppdaga, blir følgde opp og har eit tilbod om vidareutvikling på vegen mot ein profesjonell karriere. Scenekunstinstitusjonane bidreg i ulik grad til å utvikle nye talent. Men innspel til Barne-

og ungdomskulturmeldinga vitnar om at det er behov for ei større koordinering av talentarbeidet innanfor scenekunstheltet fordi dette per i dag verkar fragmentert.

Regjeringa vil derfor styrkje satsinga på talentutvikling innanfor scenekunst gjennom eit eige scenekunsthelt. Talent Norge har brei erfaring og kunnskap om etablering av talentsatsingar på ulike kunstfelt, og får derfor i oppgåve å setje i gang eit talentutviklingsprogram innanfor scenekunst. Satsinga skal sikre og styrkje eit mangfald av nye stemmer lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt.

#### **Talentsatsinga Teater Innlandet UNG**

I samarbeid med Talent Norge og Sparebankstiftelsen Hedmark har Teater Innlandet oppretta talentprogrammet Teater Innlandet UNG. Talentprogrammet er eit toårig program for unge talent innanfor scenekunst. Fire talent får høve til å vidareutvikle seg gjennom å delta i prosjekt som inngår i den ordinære drifta til teateret, og dessutan å arbeide fram eigne prosjekt.

#### **Talentprogrammet FRIKAR X**

Dansekompaniet FRIKAR arbeider med dans i kryssingspunktet mellom moderne og tradisjonell folkedans. I samarbeid med det regionale kompetansesenteret Fjellansen og med tilskot frå Sparebankstiftelsen DNB, Eckbos legat i 2016 og Norsk Tipping har FRIKAR etablert talentprogrammet FRIKAR X. Gjennom FRIKAR X får nyutdanna norske bevegelseskunstnarar moglegheit til å utvikle ferdigheiter innanfor tradisjonell folkedans.

KJELDER: [WWW.TEATERINNLANDET.NO](http://WWW.TEATERINNLANDET.NO) OG [WWW.FRIKAR.COM](http://WWW.FRIKAR.COM)

<sup>30</sup> Prop. 108 L (2019–2020) *Lov om språk* (språklova).

<sup>31</sup> Dramatikkens hus har sidan 2009 eit nasjonalt ansvar for å utvikle ny norsk dramatik og bidreg med støtte til dramatikarar, forfattarar og andre som skriv tekstar for scenisk bruk.





«BEGYNNELSE»

FOTO: MAGNUS SKREDE



Forfatter og dramatiker Camara Lundestad Joof er i perioden 2021–2023 **husdramatiker** ved Nationaltheatret. Ho er den fjerde husdramatikaren i historia til teateret og skriv i løpet av perioden eit nytt stykke som skal setjast opp på ei av scenene ved teateret.

Tidlegare husdramatikarar er Kathrine Nedrejord (2019–2021), Arne Lygre (2014–2016) og Johan Harstad (2009–2011).

Sidan 2013 og under Ingrid Lorentzens periode som ballettsjef har Alan Lucien Øyen og Jo Strømgren vore **huskoreografar** ved Den Norske Opera & Ballett. Som huskoreografar har Øyen og Strømgren sett sitt preg på opera- og ballettuset gjennom eit titals produksjonar, frå gjestespel med kompania Winter Guests og Jo Strømgren Kompani til co-produksjonar og bestillingsverk for Nasjonalballetten.

Produksjonar som «The Hamlet Complex» og «Sult» har bidrege til å gi Nasjonalballetten ein særeigen signatur i det internasjonale opera- og ballettlandskapet.

Tittelen *huskoreograf* inneber ikkje fast tilsetjing ved Den Norske Opera & Ballett, men gir brei tilknytning til Nasjonalballetten og tilgang til ein fast spelestad.

KJELDE: NATIONALTHEATRET OG DEN NORSKE OPERA & BALLETT

Deanu gieldda kulturskuvla / Tana kommunes kulturskole gir kunstutdanning, i hovudsak til grunnskoleelevar i Tana kommune. I dag gir dei tilbod i band, instrument, piano, joik, dans, teater og duodji. Undervisningsspråka er norsk og samisk.

Eitt av tilboda er **sámi mánáidteáhter / samisk barneteater**, som er eit unikt tilbod for samiske barn og unge. Tilbodet har betydning for og gir opplæring i både samisk språk, scenekunst og ulike sider ved ein teaterproduksjon. Tilbodet støttar opp under meistringsfølelsen, kreativiteten og identiteten til barn og unge, og det er ein arena for bruk av samisk språk. Teateret har framsyningar blant anna lokalt, regionalt og på finsk side av grensa.

KJELDE: MELD. ST. 18 (2020–2021) OPPLÈVE, SKAPE, DELE — KUNST OG KULTUR FOR, MED OG AV BARN OG UNGE

**NyeNational** er ei treårig satsing der ei utvald gruppe nye skodespelarar får høve til å vidareutvikle talentet sitt over tid innanfor institusjonen. Satsinga er eit samarbeid mellom Nationaltheatret, Talent Norge og Sparebankstiftelsen DNB.

Kvart år blir inntil sju talent tilsette som skodespelarar i 100 prosent stilling ved teateret for ein periode på eitt til to år. Deltakarane blir valde ut gjennom ein søknads- og auditionprosess.

Utgangspunktet for satsinga er at Nationaltheatret ønskjer å satse målretta på nye talent over tid. Teateret framhevar at møtet mellom nye og etablerte utøvarar styrkjer talent som er i starten av karrieren, norsk scenekunsthelt generelt og Nationaltheatret spesielt.

KJELDE: WWW.NATIONALTHEATRET.NO

#### TILTAK

- Etablere ei ordning under Norsk kulturråd for oppføring og gjenoppføring av ny dramatik, libretto og annan scenetekst.
- Styrkje talentsatsinga på scenekunsthelt gjennom eit oppdrag til Talent Norge.

## Ytringsklima på scenekunstmrådet

Ein føresetnad for å oppnå eit mangfald av forteljarstemmer på scena er at kunstnarane opplever ein fridom til å ytre seg gjennom kunsten. Kunst og kultur er dessutan berebjelkar for demokratiet og fremjar toleranse i samfunnet gjennom å vere arenaer for ytringsfridom. Ytringsfridommen er beskytta i Grunnlova § 100, som også pålegg staten å leggje til rette for eit ope og opplyst offentleg ordskifte. Vi ser at det i dag lett oppstår konflikter i det offentlege ordskiftet rundt verdien og statusen til kunsten i samfunnet. Det er ein fare for at ytringsklimaet kan ha ein nedkjølande effekt på viljen og evna blant kunstnarar til å ytre seg.

Sidan 2014 har stadig fleire kunstnarar, særleg scenekunstnarar, oppgitt at dei har opplevd truslar og hatefulle ytringar i samband med eigne kunstnariske ytringar.<sup>32</sup> Vi er alle kjende med at digitaliseringa har endra føresetnadene for ytringsfridommen og ofte påverkar ytringsklimaet i det offentlege rommet i ei negativ retning. Dei tradisjonelle redaktørane sin funksjon som portvaktarar og filter mot hat, hets, mobbing og desinformasjon er svekt i det nye medielandskapet der sosiale medium spelar ei stadig større rolle. I verste fall kan dette føre til at kunstnarar legg band på seg både i det offentlege ordskiftet og i utøvinga av kunsten.

Regjeringa har sett ned ein ytringsfridoms-kommisjon som skal greie ut dei sosiale, teknologiske, juridiske og økonomiske rammene for ytringsfridom i dagens samfunn. Rapporten frå kommisjonen skal blant anna beskrive og vurdere status for ytringsfridommen i Noreg i dag, vurdere ytterlegare behov for forskning på

området og vurdere tiltak for å fremje ein open og opplyst offentleg samtale. Det vil inkludere tiltak for å sikre og fremje kunstnarisk ytringsfridom. Den demokratiske betydninga av kunsten og kulturen ligg i at dei er kanalar og arenaer for den openheita og kritikken som demokratiske samfunn er avhengige av. Rapporten skal leggjast fram i form av ein NOU innan 1. mars 2022.

Kvalifiserte kritikarar bidreg til å opplyse samtalen om scenekunst i det offentlege rommet og sørgjer for at publikum får tilgang til kunnskap om både scenekunsten i samtida og scenekunstnarane. Når kritikarar opplyser offentlegheita om scenekunst som kunstnarisk uttrykk, kan det bidra til meir kunnskap om scenekunst og dermed større toleranse for denne forma for kunstuttrykk.

Kritikarane sørgjer òg for at vi i framtida kan innhente kunnskap om og få innsikt i korleis tilbodet av scenekunst blei oppfatta og verka i si tid. Det er i hovudsak kulturtidsskrifta som bidreg til at det blir rekruttert kvalifiserte kritikarar til scenekunstmrådet, og dermed sikrar at befolkninga har tilgang på kvalitetssikra artiklar om scenekunst og meldingar av profesjonell dans, teater, opera og musikkteater.

Alle har eit ansvar for å bidra til eit godt ytringsklima på scenekunstmrådet. Å ha medvit omkring behovet for kjeldekritikk og å avdekkje feilaktige påstandar om scenekunst som blir publiserte og resirkulerte digitalt, er òg noko departementet er oppteke av.

### TILTAK

- Styrkje ordninga for tidsskrift og kritikk og dessutan ordninga for scenekunsthøgskule tiltak og publikasjonar i Norsk kulturråd.

<sup>32</sup> Tore Slaatta og Hanne M. Okstad (2020). *Kunstnere vurderer ytringsfrihet*. Fritt Ord.





# INNSATSOMRÅDE 2:

## Formidling og publikumsmangfold

### Målet til regjeringa

Regjeringa vil at tilbodet av profesjonell scenekunst av høg kvalitet skal vere tilgjengeleg for eit breitt og mangfaldig publikum over heile Noreg.

### Eit mangfaldig publikum

Offentleg finansierte scenekunstinstitusjonar arbeider allereie med publikumsretta tiltak for å auke mangfaldet av publikum som oppsøker scenekunst. Scenekunst blir allereie vist på eit mangfald av arenaer, både innandørs og utandørs. Potensialet for publikumsmangfold innanfor scenekunst kan utnyttast i endå større grad, slik at ei større breidde av befolkninga blir interessert i og oppsøker tilbodet av scenekunst.

Regjeringa vil leggje til rette for at ein større del av befolkninga i Noreg kan nytte seg av tilbodet av profesjonell dans og teater. Då må det leggjast til rette for at eit potensielt nytt publikum i alle aldersgrupper blir gjort merksam på tilbodet som finst, og får enkel tilgang til å ta det i bruk. Tilbod om dans og teater på arenaer og i rom nærare der folk bur, kan inspirere ei større breidde av befolkninga til å oppsøkje tilbodet av scenekunst. Mange aktørar tilbyr scenekunst utanfor dei sentrale strøka allereie. Det gjeld spesielt aktørane i den prosjektfinsierte scenekunsten som er fleksible og mobile og vande til å finne og nytte nye arenaer for formidling av produksjonane sine. Turnéteatera er òg institusjonar som er gode på å oppsøkje publikum utanfor eige hus. Regjeringa vil stimulere institusjonar til å byggje relasjonar med nye publikumsgrupper på nye arenaer og via nye formidlingsmetodar – det vere seg oppsøkjande scenekunst eller digital formidling. Tiltak for digital formidling er beskrivne under innsatsområde 4.

### Tilgjengelegheit til arenaer for scenekunst

Personar med funksjonsnedsetjing deltek i mindre grad på sosiale arenaer, mellom dei arenaer for scenekunst, samanlikna med befolkninga elles.<sup>33</sup> Grunnen er ofte manglande fysisk tilgjengelegheit. I regjeringa sin strategi for likestilling av menneske med funksjonsnedsetjing for perioden 2020–2030<sup>34</sup> og i handlingsplanen for likestilling av personar med funksjonsnedsetjing 2020–2025<sup>35</sup> er eit av hovudmåla å sikre lik deltaking i kultur- og fritidsaktivitetar for alle.

Eit viktig verkemiddel for reell moglegheit til deltaking for alle er universell utforming av både private og offentlege arenaer for scenekunst.<sup>36</sup> Universell utforming sikrar funksjonelle omgivnader som er trygge og praktiske å bruke for alle uavhengig av funksjonsnivå. I tråd med Granavolden-plattformen er regjeringa sin handlingsplan for universell utforming 2015–2019 evaluert. Planen blir følgt opp av *Bærekraft og like muligheter – et universelt utformet Norge. Regjeringens handlingsplan for universell utforming 2021–2025*.

Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet har gått gjennom sertifiseringsordninga *Tilgjengelighetsmerket*. Dei konkluderer med at «det ligger en ikke utnyttet overføringsverdi i sertifiseringsordningen og tilgjengelighetsmerket til kulturarenaer som teater, dansescener, forsamlingslokaler mv.».<sup>37</sup>

<sup>33</sup> *Levekårsstatus for personer med nedsatt funksjonsevne: Sosial deltakelse*. Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet, 2017.

<sup>34</sup> *Et samfunn for alle – Regjeringens strategi for likestilling av mennesker med funksjonsnedsettelse for perioden 2020–2030*.

<sup>35</sup> *Et samfunn for alle – Likestilling, demokrati og menneskerettigheter*. Regjeringens handlingsplan for likestilling av personer med funksjonsnedsettelse 2020–2025.

<sup>36</sup> Likestillings- og diskrimineringslova og plan- og bygningslova slår fast at alle private og offentlege verksemder skal vere universelt utforma.

<sup>37</sup> Jf. rapporten *Universell utforming – Tilstandsanalyse og kunnskapsstatus*. Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet, 2020.



I januar 2019 flytta Det Norske Teatret inn på **Rommen scene** i bydel Stovner i Groruddalen. Teateret viser produksjonar frå repertoaret og nye framsyningar i samarbeid med lokale krefter i Groruddalen. Teateret har hatt suksess med framsyninga «Tante Ulrikkes vei» basert på romanen *Tante Ulrikkes vei* av Zeshan Shakar. I 2019 utgjorde publikumstalet 12 645 fordelt på 74 framsyningar/arrangement.

Det Norske Teatret samarbeider med bydel Stovner om Rommen scene og er støtta av Oslo kommune, Obos og Kulturdepartementet.

Det Norske Teatret og Den Mangfaldige Scenen skal setje i gang prosjektet «Talent Rommen», eit praktisk og læringsbasert talentprogram for unge menneske som ønskjer å arbeide teknisk eller kunstnarleg i teater. Målet er å utvikle ein vekstarena for unge menneske mellom 18 og 25 år som ønskjer å tileigne seg kompetanse og erfaring frå kunstnarisk verksemd og bidra til å auke mangfaldet på scenekunstmrådet. «Talent Rommen» skal gi deltakarane moglegheit til å vidareutvikle eit talent eller ei interesse dei har, utforske sitt eige uttrykk og finne vegen til eit profesjonelt miljø og skaffe seg nettverk og grunnkompetanse for arbeid ved eit teater.

KJELDE: DET NORSKE TEATRET

**Tilgjengelighetsmerket** er ei sertifiseringsordning for kulturarrangørar som arbeider for god tilgjengelegheit for menneske med nedsett funksjonsevne. Merket skal betre tilgjengelegheita på kulturarenaer, og synleggjere kulturarrangørar som sørgjer for god tilgjengelegheit for menneske med nedsett funksjonsevne.

Tilgjengelighetsmerket er utarbeidd av Norske Konsertarrangørar og er ei sertifisering for kulturarrangørar som har god tilgjengelegheit for menneske med nedsett funksjonsevne på arrangementa sine.

Det er utarbeidd ei sjekklister og ei handbok for å gjere kulturarrangement tilgjengelege. Meir informasjon ligg på nettsidene til Norske Konsertarrangørar.

KJELDE: WWW.TILGJENGELIGHETSMERKET.NO

På vegne av Kulturdepartementet forvaltar Barne,- ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir) ei nasjonal tilskotsordning som skal bidra til å utvikle og styrkje gjennomføringa av **universell utforming**. Statlege, fylkeskommunale, kommunale og private institusjonar og dessutan stiftingar, forskingsinstitusjonar og organisasjonar kan søkje om midlar til kunnskapsutvikling, kompetanseheving og spreiding av informasjon om universell utforming.

Bufdir har òg utarbeidd ei rettleiing for korleis ulike aktørar kan lage eit hørselsvennleg miljø, med informasjon om for eksempel teleslyngje og lyttesystem for kino og teater.

KJELDE: KULTURDEPARTEMENTET

#### TILTAK

- Leggj fram ein ny handlingsplan om universell utforming.
- Setje krav i tilskotsbrevet om at statseigde scenekunstinstitusjonar blir del av Tilgjengelighetsmerket – sertifiseringsordninga for kulturarrangørar. Vi skal oppfordre andre offentleg finansierte scenekunstinstitusjonar om det same.

## Infrastruktur for profesjonell dans og scenekunst

Talet på visingar av allereie produserte framsyningar innanfor den prosjektfinansierte scenekunsten er forholdsvis lågt. Ved å leggje til rette for auka formidling av både nye produksjonar og framsyningar som allereie er produserte, får den prosjektfinansierte scenekunsten eit større publikum og større merksemd i det offentlege rommet, og kunstnarane får høve til større eigeninntening.

I statsbudsjettet for 2021 er regionale kompetansesenter for dans og scenekunst økonomisk styrkte og tilskota overførte frå Norsk kulturfond til ny post 74 i statsbudsjettet. Det bidreg til å styrkje infrastrukturen for utvikling, produksjon og formidling av profesjonell dans. Regjeringa vil halde fram arbeidet med å styrkje infrastrukturen for profesjonell dans.

Regjeringa vil stimulere til meir samarbeid mellom aktørar og lokale visingsstader om utvikling, produksjon og formidling av fri scenekunst i heile landet. Ei ordning som skal stimulere til slike samarbeid, vil i så fall føresetje samarbeid mellom statlege og regionale styresmakter om finansiering av ordninga.

Dersom fleire kulturhus i Noreg vel å programmere scenekunst, kan det bidra til å auke formidlinga av scenekunst til ei større breidde av befolkninga over heile landet. Enkelte kulturhus samarbeider allereie med aktørar med prosjektfinsiering om co-produksjon og formidling av profesjonell dans og teater. Fleire kulturhus er òg med i ulike formidlings- og kompetansenettverk for scenekunst.<sup>38</sup>

Regjeringa meiner at kulturhusa i større grad kan innlemmast i eksisterande formidlings- og kompetansenettverk for scenekunst og nytte finansieringsmoglegheitene som ligg i Norsk kulturfond.<sup>39</sup>

Programmerande scener for scenekunst utgjer eit nettverk for formidling og kompetanseheving og har gjennom fleire år utvikla programmerings- og arrangørkompetanse. Denne kompetansen er ein ressurs i arbeidet med å auke talet på arenaer som tilbyr scenekunst til befolkninga i Noreg.

Engasjementet til fylkeskommunar og kommunar er avgjerande i arbeidet med å styrkje tilbodet av profesjonell scenekunst utanfor dei store bysentera. Offentleg finansierte institusjonar for scenekunst samarbeider med kommunar

og fylke om lokale forhold for formidling av profesjonell dans og teater. Behovet for å styrkje infrastrukturen for profesjonell scenekunst i Noreg vil vere tema i Kulturdepartementets årlege dialog med andre forvaltningsnivå.<sup>40</sup> Betre samhandling og samordning av kapasitet og ressursar i utviklinga av nye tiltak og verkemiddel vil bidra til å styrkje tilbodet av scenekunst til befolkninga i Noreg.

Riksteatret har lang erfaring med å samarbeide med aktørar i institusjonsfeltet. Regjeringa vil sjå nærare på rolla og funksjonen til Riksteatret og korleis verksemda svarer på behov og utfordringar som finst på scenekunstmrådet, blant anna når det gjeld målet om å gi eit tilbod av scenekunst som befolkninga i Noreg opplever som relevant og representativt.

#### TILTAK

- Styrkje regionale kompetansesenter for dans og scenekunst.
- Etablere ei tidsavgrensa ordning for å stimulere til meir samarbeid mellom institusjonar, visingsstader og kunstnarar om utvikling, produksjon og formidling av profesjonell scenekunst.
- Greie ut den framtidige rolla og funksjonen til Riksteatret.
- Styrkje dialogen med kommunar og fylkeskommunar om vidareutvikling av infrastrukturen for scenekunst og dans.
- Stimulere til auka publikumsmangfald ved å opprette ei tidsavgrensa ordning for etablering av nye formidlings- og visingsarenaer for scenekunst.

<sup>38</sup> Norsk scenekunstbruk og Dansenett Norge med fleire.

<sup>39</sup> Ordninga for arrangørstøtte og ordninga for gjesteopphaldsstøtte for arenaer.

<sup>40</sup> Jf. Prop. 105 S (2019–2020) *Kommuneproposisjonen 2021*.





# Innsatsområde 3:

## Vilkår for produksjon og formidling

### Målet til regjeringa

Regjeringa vil at det skal vera føreseielege rammevilkår for produksjon og formidling av scenekunst.

### Føreseielegheit og sosiale rettar

Fleirårige tilskot frå Norsk kulturfond har bidrege til at kunstnarar og kompani har etablert små verksemder for scenekunst med heilårs aktivitet og drift og fast tilsette. Verksemdene er på eit nivå mellom prosjektfinansiert scenekunst og større institusjonar og har behov for ein type offentleg finansiering som gir større føreseielegheit enn prosjektfinansiering.

Den store tilveksten av aktørar tilseier at staten ikkje fullt ut kan ta hand om alle aktørar som utviklar små verksemder med heilårsdrift. Det er ikkje mogleg å etablere ei støtte for denne gruppa som er lik den støtta dei statsfinansierte institusjonane på scenekunstmrådet får. Løysinga må derfor liggje ein stad mellom prosjektfinansiering og fast, årleg støtte.

I statsbudsjettet for 2021 får kompania Jo Strømgren Kompani og Verdensteatret statstilskot over ny post 75 under kapittel 320 saman med tilsvarande verksemder frå scenekunstmrådet og andre fagfelt.<sup>41</sup> Departementet vil etablere ei kriteriebasert ordning for små verksemder på scenekunstmrådet som har heilårleg drift. Det vil bidra til at fleire såkalla etablerte kompani kan få statstilskot og dermed oppnå større økonomisk føreseielegheit. Tiltaka innanfor ordninga skal evaluerast. Aktivitet og økonomi på scenekunstmrådet er likevel komplekst og må greiast ut nærare, jf. tiltak under innsatsområde 4.

Det skal innførast ein praksis der institusjonane<sup>42</sup> kvart fjerde år blir bedne om å gjennomføre ei

41 Post 75 Tilskudd til litteraturhus, kunstscener og kompanier m.m.

42 Kapittel 323, post 70.

eigenvurdering av samanhengen mellom kvalitet og ressursutnytting i tilbodet som blir gitt. Det skal dei gjere for å sikre og ta vare på system for vurdering av om ein når regjeringa sine mål på kulturfeltet.

Eigenvurderingane skal nyttast som grunnlag for den løpande dialogen institusjonane har med departementet om måloppnåing. Departementet gjennomfører ved behov eksterne evalueringar av offentleg finansierte scenekunstinstitusjonar.

### Sosiale og økonomiske rettar

Tilgang til sosiale og økonomiske rettar på linje med andre yrkesgrupper er ein føresetnad for at kunstnarar skal kunne satse fullt og heilt på ein karriere innanfor scenekunst. I dag er det hovudsakleg scenekunstnarar og andre teaterfaglege arbeidarar som er tilsette i institusjonane, som har tilgang på slike rettar. Majoriteten av aktive kunstnarar på scenekunstmrådet er likevel ikkje fast tilsette, og det er eit mål at desse også skal ha tilsvarande rettar.

Aktørar innanfor dans står svakare i arbeidsmarknaden enn andre yrkesgrupper på scenekunstmrådet. Det kjem i hovudsak av at det er få institusjonar for dans i Noreg og dermed færre arbeidsgivarar enn for teaterutdanna aktørar. Til liks med dansarar har koreografar lite tilgang på faste stillingar eller langvarig arbeid ved ein institusjon. Koreografane har dessutan ofte ei rolle som prosjektleiar og åndsverkinnehavar, noko som gjer dei særleg sårbare i den frie arbeidsmarknaden. Regjeringa anerkjenner desse problemstillingane og vil styrkje stipendordningane og sikre betre vilkår for dansekunstnarar (koreografar og dansarar) som held høg kunstnarisk kvalitet og aktivitet.

Tilgangen kunstnarar har på sosiale og økonomiske rettar generelt, blir nærare



omtalt i ei kommande stortingsmelding om kunstnarpolitikken. Meldinga er per no utsett med bakgrunn i koronapandemien og blir lagd fram når departementet har fått det fulle overblikket og kunnskapsgrunnlaget om verknadene av pandemien på heile kunst- og kultursektoren.

#### TILTAK

- Etablere ei pilotordning for driftstilskot for små verksemdar på scenekunstmrådet.
- Styrkje SKUDA.
- Styrkje stipendordninga.
- Vidareutvikle systemet for periodiske evalueringar av offentleg finansierte scenekunstinstitusjonar.

### Samarbeid og ressursutnytting

Offentleg finansierte institusjonar utgjer ein viktig infrastruktur for produksjon og formidling av scenekunst. Det blir i større grad enn før teke initiativ til samarbeid mellom aktørar i det frie scenekunstheltet og institusjonane om produksjon og formidling av eit tilbod av scenekunst.<sup>43</sup> Det gir dei frie scenekunstnarane tilgang til produksjonslokale og scener med teknisk utstyr, og eit større publikum over heile Noreg får tilgang til eit meir variert tilbod av scenekunst av høg kunstnarisk kvalitet.

Departementet vil stimulere til meir samarbeid mellom institusjonar og scenekunstnarar i det frie scenekunstheltet. Slike samarbeid må sjølvst og utan unntak skje på eit kunstnarisk og kulturfagleg motivert grunnlag.

Produksjon og formidling av alle typar scenekunst krev til kvar tid riktig og oppdatert kompetanse og kunnskap. Departementet vil derfor etablere ei ordning for å stimulere til auka samarbeid mellom aktørar om kunnskaps- og kompetanseutvikling og -deling og sørge for at det blir utvikla samarbeidsmåtar og -modellar for produksjon og formidling av ulike typar scenekunstuttrykk.

Gode strukturar for samarbeid og overføring av kompetanse mellom verksemdar er òg nødvendig

<sup>43</sup> Gunnar Thon Lossius / Gtl Management i samarbeid med Proba samfunnsanalyse (2018). *Kartlegging av samarbeid, ressurs- og kompetansedeling innan musikk- og scenekunstmrådet.*

innanfor operakunsten. Opera og musikkteater er ei kompleks og ressurskrevjande kunstform, og fleire operaverksemdar i regionane er forholdsvis nyetablerte og under etablering og utvikling. Regjeringa meiner at potensialet for samarbeid blant operaverksemdane, trass i openberre forskjellar i organisering og kunstnarisk profil, kan utnyttast i større grad.

Teater Innlandet på Hamar bidreg til utviklinga av kunst- og kulturlivet i Innlandet og turnerer aktivt i heile regionen med både eigne produksjonar og **samarbeidsproduksjonar**. Teateret ser det som del av oppdraget sitt å bidra til at aktørar i det frie scenekunstheltet blir løfta fram og når ut til eit publikum. Teateret samarbeider med prosjektfinansierte scenekunstnarar innanfor både dans og teater. Blant anna har dansekompaniet *Panta Rei* samarbeidd med Teater Innlandet over fleire år og bidrege til å styrkje tilbodet av dans i regionen.

I Oslo samarbeider scenekunstkompaniet *Goksøy & Martens* med ulike teaterinstitusjonar. I 2011 produserte og viste kompaniet framsyninga «Foreldremøte» i samarbeid med Nationaltheatret. I samarbeid med Det Norske Teatret blei produksjonane «11 år» vist i 2017 og 2018 og «Dottera» i 2019.

KJELDER: TEATER INNLANDET OG WWW.GOKSOYRMARTENS.COM

#### TILTAK

- Setje som ein føresetnad for statstilskotet at institusjonar der staten er eigar, skal samarbeide om co-produksjon og gjestespel med aktørar med prosjektfinansiering og aktørar som får tilskot over post 75 i kulturbudsjettet.
- Etablere ei ordning under Norsk kulturråd for samarbeid om kompetanseutvikling og -deling på scenekunstmrådet.

### Samarbeid internasjonalt

Scenekunst fungerer på ein global arena. Internasjonal aktivitet og samarbeid utviklar og aukar kompetansen til produsentar av scenekunst i Noreg og dannar eit viktig grunnlag for kunstnarisk utvikling. Opera- og musikkteaterverksemda i Noreg er avhengig av internasjonale impulsar og særleg tilgang til ressursar og samarbeid internasjonalt.

Regjeringa vil leggje til rette for at aktørar kan halde fram med å knyte kontaktar internasjonalt, og byggje og ta vare på nettverk i andre land for co-produksjon og formidling av framsyningar. Det vil gi eit større publikum og opne for kunstnariske impulsar til utviklingsarbeidet her heime.

Det finst lite kunnskap om kva som fører til at nokre aktørar innanfor scenekunst lykkast betre internasjonalt enn andre, og om økonomiske forhold knytte til internasjonal formidling av norsk scenekunst. Det er behov for eit betre kunnskapsgrunnlag for politikktutvikling på området. Blant anna trengst det ny kunnskap om vilkår og utviklingsmoglegheiter for norsk scenekunst internasjonalt.

I tråd med Meld. St. 8 (2018–2019) *Kulturens kraft. Kulturpolitikk for framtida* (Kulturmeldinga) er regjeringa i gang med å utarbeide ein internasjonal strategi for kulturpolitikken saman med Utanriksdepartementet. Målet er å utnytte ressursar og kompetanse på best mogleg måte. Strategien skal gå gjennom det statlege verkemiddelapparatet på området og sørge for godt utvikla verkemiddel og eit best mogleg støtteapparat for aktørar på scenekunstområdet.

**Nordnorsk kulturliv og scenekunst** er i stor grad internasjonalt orientert, og har i mange år hatt eit omfattande samarbeid over grensene mot nabolanda. Innanfor det bilaterale norsk-russiske kultursamarbeidet, eit treårig program for norsk-russisk kultursamarbeid, blir det gitt bidrag til utvikling av samarbeid med vekslende fokusområde. I den inneverande perioden 2019–2021 er scenekunst eit av fokusområda.

KJELDE: KULTURDEPARTEMENTET

Kulturrådet er kontaktpunkt for **Kreativt Europa**, EUs program for kulturelt samarbeid. Førte land deltek i ordninga. Norske kulturaktørar kan søkje om støtte innanfor satsingsområde som transnasjonal mobilitet, publikumsutvikling, kapasitetsbygging, interkulturell dialog og kulturarv.

Kulturdepartementet si midtvegsevaluering av den norske deltakinga i Kreativt Europa i 2018 viste at Kreativt Europa er viktig for norske kulturaktørar. Kreativt Europa bidreg til at kulturprosjekt blir gjennomførte i eit større omfang enn utan støtte frå programmet. Dessutan tilbyr programmet moglegheiter som aktørane ikkje har tilgang til andre stader.

KJELDE: NORSK KULTURRÅD

**Teater Manu** har i samarbeid med Teatteri Totti i Finland, Tyst Teater i Sverige, International Visual Theatre i Frankrike og Zentrum für Aktion, Kommunikation und Kultur i Tyskland fått 190 000 euro frå EU-programmet Kreativt Europa til eit scenekunstprosjekt for døve og høyrselshemma.

Formålet med prosjektet er å stimulere til auka interesse for og kunnskap om scenekunst for døve og høyrselshemma i Europa. Sentralt i prosjektet er forskning på og utvikling av dramaturgi og metodar som bidreg til at eksisterande produksjonar kan omsetjast til eit internasjonalt teiknspråk.

Under festivalen Clin d'Oeil i Frankrike i 2022 skal kvar deltakar presentere forskingsfunn og vise ei framsyning som er omsett til eit internasjonalt teiknspråk. Ambisjonen vidare er å vidareutvikle dette nettverket og leggje til rette for at scenekunst for døve og høyrselshemma kan turnere over heile Europa.

KJELDE: TEATER MANU

#### TILTAK

- Leggje til rette for produksjon og formidling av scenekunst internasjonalt.
- Skaffe fram ny kunnskap og greie ut vilkår og utviklingsmoglegheiter for norsk scenekunst internasjonalt.







# Innsatsområde 4:

## Omstilling og utvikling

### Målet til regjeringa

Regjeringa vil at tilbodet av profesjonell scenekunst skal vere konkurransedyktig og berekraftig.

### Ny teknologi og digitale løysingar

Nye teknologiske løysingar og metodar inneheld store moglegheiter til å komme i kontakt med eit nytt publikum. Covid-19 har forsterka behovet for å finne nye, varige måtar å nå publikum på som møter behovet til brukarane – også etter pandemien. Vi må rekne med at dette er noko som vil prege heile kulturfeltet etter pandemien.

Føresetnaden for eit tilbod av profesjonell scenekunst i Noreg vil framleis vere overføringar av offentlege tilskot. Statlege tilskot sikrar at befolkninga i heile Noreg får eit breitt og variert tilbod av scenekunst, og at vi når dei statlege måla i kulturpolitikken. Departementet vil likevel stimulere til og leggje til rette for at offentleg finansierte scenekunst blir betre i stand til å møte utfordringane og dei endra føresetnadene som pregar samfunnet i dag og framover.

Scenekunst blir skapt i sanntid, i møtet mellom scene og sal. Dette møtet kan ikkje og skal ikkje erstattast av digital formidling. Ikkje all scenekunst eignar seg for digital formidling heller. Diskusjonen på scenekunstmrådet om digitalt formidla scenekunst versus scenekunst formidla direkte til publikum er relevant og vil ha innverknad på korleis scenekunstlandskapet ser ut framover.

Omstilling på scenekunstmrådet krev rett nok at ein tek risiko og tenkjer nytt, og kanskje òg innoverer. Å utvikle nyskapande digitale verktøy for tilgang, distribusjon, marknadsføring og inntening i kulturell og kreativ sektor vil bidra til ei effektiv drift for institusjonane og aktørane, slik departementet ser det. For å nå ut til eit breitt publikum med mellom anna informasjon om scenekunsttilbodet, er det viktig at dei digitale

løysingane er utvikla slik at dei kan nyttast av flest mogleg. I tråd med forskrift om universiell utforming av IKT-løysingar skal nettløysingar (nettstader og mobilapplikasjonar) i offentlege og private verksemdar vere universielt utforma.<sup>44</sup>

Institusjonar som er framsynte og tek i bruk ny teknologi og utviklar nye forretningsmodellar – der det er mogleg – vil styrkje kunnskapen om og kommunikasjonen med publikum. Dette gjer det mogleg å arbeide meir strategisk og kunnskapsbasert, og institusjonane vil lettare kunne handtere konkurransen om publikums merksemd i ein global underhaldningsmarknad. Nye digitale løysingar vil òg kunne gjere eit tilbod av scenekunst meir berekraftig og bidra til integrering og inkludering, slik at eit større mangfald av befolkninga i Noreg nyttar seg av tilbodet innanfor dans og teater, opera og musikkteater.

Bruk av ny teknologi og digitale løysingar på scenekunstmrådet skaper utfordringar når det gjeld forvaltninga av opphavsrettar. Utfordringar knytte til rettsavklaringar må aktørane løyse gjennom forhandlingar med arbeidstakarorganisasjonar. Avtalar og lisensar må på plass før ein kan verkeleggjere digitaliseringa. Departementet meiner at det vil vere ein fordel å vedta felles standardavtalar (og -lisensar). Departementet vil leggje til rette for at rettshavarar kan få rimeleg vederlag for utnytting av åndsverk, og kartleggje og vurdere behov for eventuelle kompensasjonsordningar ved økonomiske tap når ny teknologi blir utvikla og teken i bruk.

Opptak og skriftleg omtale av danse- og teaterframsyningar fungerer som dokumentasjon for ettertida. Skriftleg dokumentasjon av norsk scenekunst skal gjerast tilgjengeleg for så vel forskarar som allmenta.

<sup>44</sup> Forskrift om universell utforming av informasjons- og kommunikasjonsteknologiske (IKT)-løsninger.



**Applaus Scene** er ei strøymeteneste for scenekunst som i samarbeid med institusjonane produserer framsyningar for nettdistribusjon til skular og andre institusjonar. Med kvar framsyning følgjer det intervju med kunstnarane, artiklar og pedagogisk materiale. Kulturdepartementet gir tilskot til tiltaket.

Applikasjonen **LastCall** er eit digitalt verktøy for kulturinstitusjonar. Tenesta blei starta sommaren 2018 og hadde ved inngangen til 2020 40 000 brukarar, hovudsakleg i Oslo, men også i Bergen og Trondheim. LastCall har som mål å nå ut til ei breidde av befolkninga med informasjon om og tilgang til ulike kulturtilbod.

Brukarar kan, basert på kvar dei er, og kva dei liker, få varsel om tilgjengelege titlar og rabatterte billetter til framsyningar same dag og til arrangement lengre fram i tid. Applikasjonen lét arrangørar enkelt leggje til video, Spotify-spelelister og bilete i tillegg til tekstinformasjon om arrangement.

Undersøkingar viser at 60 prosent av brukarane av LastCall har besøkt ei scene for første gong som følgje av bruk av applikasjonen.

KJELDER: APPLAUS SCENE OG LASTCALL

Digital publikumsutvikling har vore eit satsingsområde for Kilden teater og konserthus i Kristiansand sidan oppstarten i 2012. **Kilden Digital** har overført teaterframsyningar direkte til omsorgsbustader i Kristiansand kommune.

Kilden har lansert ein eigen musikkapp – KSOPlay. KSOPlay byr på bilet- og musikkopplevingar for dei som ikkje kan komme til Kilden, og for publikum som ønskjer å gjenoppleve verk frå konserten i ettertid. Appen er eit ledd i ein større digital utviklingsstrategi som utforskar moglegheitene for digitalisering av scenekunst som sikrar publikumsopplevinga.

KJELDE: WWW.KILDEN.COM

Pilotordninga **Creative Innovation Lab** under programmet Kreativt Europa har som formål å støtte prosjekt som skaper samarbeid mellom kulturbransjen og den audiovisuelle sektoren gjennom utvikling av nyskapande digitale verktøy som betrar kulturopplevinga. Målet er å utvikle digitale løysingar for formidling av kunst, kultur og litteratur, skape nye samarbeid og utvikle nye verktøy for tilgang, distribusjon, marknadsføring og inntening i kulturell og kreativ sektor. Ordninga vender seg til offentlege institusjonar.

KJELDE: NORSK KULTURRÅD

#### TILTAK

- Bidra til å greie ut rettsproblematikk ved digital overføring av scenekunst.
- Greie ut moglegheiter for å etablere eit felles digitalt scenekunstarkiv

## Klimautfordringa

Noreg har meldt inn ei forpliking under Parisavtalen om å redusere utsleppa av klimagassar med minst 50 og opp mot 55 prosent innan 2030 samanlikna med 1990. Det er eit avgjerande steg på vegen mot at Noreg skal bli eit lågutsleppssamfunn i 2050. For å klare dei store utslippskutta må vi utvikle og bruke ny teknologi og nye løysingar.

Klima- og miljøpolitikken til regjeringa byggjer på at alle samfunnsaktørar har eit sjølvstendig ansvar for å leggje miljøomsyn til grunn for aktiviteten sin og for å medverke til at vi når dei nasjonale klima- og miljømåla.

Miljø- og klimaspørsmål er allereie sette på dagsordenen på scenekunstormrådet ved at statleg eigde institusjonar pliktar å ta eit samfunnsansvar som inkluderer klima og miljø. Gjennom tiltaket *Grønt veikart for kunst- og kultursektoren* blir dei enkelte institusjonane stimulerte og rettleidde til å utforme miljøstrategiar som forpliktar institusjonane til å setje konkrete mål for å redusere klimaavtrykket til institusjonen.

Behovet for redusert klimaavtrykk kan stå i motsetnad til turnéverksemd og ønske om at scenekunstproduksjonar bør visast fleire gonger til eit større publikum over heile landet, når det

er mogleg. Det skaper eit dilemma og reiser ulike interessekonfliktar som scenekunstaktørane og turnéteatra sjølve må avwege og ta stilling til i kvart enkelt tilfelle. Nye løysingar innanfor transport og medvitne val av klimavennlege transportmåtar vil rett nok gjere det enklare å møte ønske om lågare utslepp i samband med blant anna turnéverksemd.

For å utvikle konstruktive og effektive tiltak for grøn omstilling på scenekunstmrådet er det nødvendig med kunnskap og kompetanse om klimaavtrykket frå produksjon, drift og formidling av scenekunst. Departementet vil bidra til at det blir utvikla eit godt kunnskapsgrunnlag som kan leggje til rette for at scenekunstaktørar og -institusjonar kan redusere klimautsleppa sine.

9. mars 2021 blei **Grønt veikart for kunst- og kultursektoren** lansert. Bak samarbeidet står Norske Konsertarrangører, Virke kultur og opplevelser, Virke Produsentforeningen, Norske kulturhus og Norsk teater- og orkesterforening.

*Grønt veikart* er eit overordna strategidokument og ein vegvisar til korleis organisasjonar, verksemdar, kunstnarar, kulturarbeidarar og styresmakter kan bidra til ein grønnare og meir berekraftig kultursektor.

Vegkartet tek for seg FN's berekraftsmål med konkrete målsetjingar for 2030 og 2050. Det skal handle om dei områda der kunst- og kultursektoren kan gjere størst forskjell, med særleg vekt på følgjande berekraftsmål:

11: Berekraftige byar og samfunn

12: Ansvarleg forbruk og produksjon

13: Stoppe klimaendringane

17: Samarbeid for å nå måla

KJELDE: GRØNT VEIKART

#### TILTAK

- Bidra til eit godt kunnskapsgrunnlag, slik at vi kan nå berekraftsmåla.
- Kartleggje behovet for nye teknologiske løysingar og kunnskap på scenekunstmrådet, slik at scenekunstinstitusjonane kan redusere klimautslippa sine.
- Sørgje for at selskap som er heilt eller delvis eigde av staten, rapporterer på klimaavtrykk.

#### Scenekunst etter covid-19

Bortfallet av oppdrag og inntekter under covid-19 stadfestar kor sårbar kunst- og kultursektoren er. Smitteverntiltaka på nasjonalt og lokalt nivå avgrensa verdiskapinga, produksjonen og aktiviteten på scenekunstheltet, så vel som på andre kunstmråde. Det er framleis svært uvisst korleis effektane av pandemien vil påverke produksjonen og formidlinga av eit tilbod av profesjonell scenekunst framover, og korleis krisa kan påverke haldningane og interessa hos publikum for å nytte seg av tilbodet av scenekunst etter covid-19.

Ny kunnskap og gode, forskingsbaserte analysar av aktiviteten på scenekunstmrådet er nødvendig for å sikre ei tydeleg forvaltning og treffsikre politiske tiltak og verkemiddel for gjenoppbygginga av kultursektoren etter pandemien. Kulturdepartementet har bede Kulturrådet og Norsk filminstitutt om å gi ei oversikt over langsiktige konsekvensar av covid-19 på kulturfeltet, og kva utfordringar og moglegheiter kulturfeltet kan bli stilt overfor i tida framover. Formålet er å skaffe eit godt kunnskapsgrunnlag for å sikre at vi har eit mangfaldig og levande kulturliv etter pandemien. Særleg aktuelle spørsmål er om vi allereie no ser tendensar som tyder på større endringar i sektoren, når det gjeld både aktørar, produksjon, tilbod, formidling og etterspurnad av kultur.

Dei store endringane dei siste 10–15 åra både på scenekunstmrådet og i kultursektoren generelt gjer at det er behov for å greie ut heile scenekunstheltet. Ei utgreiing vil avdekkje kunnskapsbehova på scenekunstmrådet og gi det nødvendige grunnlaget for å kunne gjere prioriteringar når vi skal utvikle ny kunnskap.

#### TILTAK

- Bidra til auka kunnskapsutvikling på scenekunstmrådet.
- Greie ut scenekunstheltet.



Utgjeve av:  
Kulturdepartementet

Bestilling av publikasjoner:  
Service- og tryggingorganisasjonen til departementa  
[www.publikasjoner.dep.no](http://www.publikasjoner.dep.no)  
Telefon: 22 24 00 00  
Publikasjoner er også tilgjengelige på:  
[www.regjeringa.no](http://www.regjeringa.no)

Publikasjonskode: V-1026 N  
Forsidefoto: «Medmenneske» – Foto: Erik Berg  
Design/layout: Melkeveien designkontor as  
Trykk: Service- og tryggingorganisasjonen til departementa  
09/2021 – opplag 250